

Norddal kommune

KRAFTSENTERET

TENESTESTANDARD OG KVALITETSMÅL

1. FORMÅL

Gje eit dagtilbod med sosialt fellesskap og meiningsfulle aktivitetar.

2. LOVGRUNNLAG

Dagsenter er ikkje lovpålagt

3. MÅLGRUPPA

Tenesta er retta mot vaksne menneske i Norddal kommune som har behov for ein møteplass, aktivitetar og samvær med andre, for menneske som vil delta meir i samfunnet.

4. KVALITETSMÅL

Senteret skal vere eit førebyggjande tiltak.

Vi skal vere ein møteplass der menneske kan finne glede og utfordringar gjennom aktivitetar, arbeid og tiltak som er meiningsfylte. I samarbeid med lokale lag, nærmiljø og brukarane skal vi leggje til rette for deltaking og meistring.

5. TENESTTILBOD

Norddal kommune har eit dagtilbod.

Normal opningstid er måndag - fredag 10.00 - 15.00

Enkelte aktivitetar, materiell, mat og transport må ein sjølv betale.

Kriteriar for å nytte senteret på opne dagar

- Nytte av eit lavbemanna tilbod
- Vere sjølvhjelpt og ha nytte av samvær med andre
- Klare å ta omsyn til andre
- Alle arrangement er alkoholfri

6. TENESTEFORM

Ein treng ikkje søke for å nytte tilboden. Det blir sett opp ein månadsplan i samarbeid med brukarane. Tenesta blir gitt i kommunale lokale.

7. TENESTEOMFANG

Tilboden gjeld heile året, 5 dagar i veka. Stengt helge- og høgtidsdagar og ved ferieavvikling.

8. EIGE ANSVAR

Medisinar, toalettsaker og klede til ulike aktivitetar. Lommepengar som dekkjer sosiale utgifter når du er med på utfluktar.